

Nynorskpris til samferdsleministeren

(NPK): Samferdsleminister Liv Signe Navarsete er tildelt Storegutprisen for god og levande bruk av nynorsk. Det er Litteraturdagane i Vinje i Telemark som står bak prisen.

I grunngevinga heiter det at Navarsete er ein framifrå representant for nynorsk målbruk, og at ho brukar dialekten sin og nynorsk på ein naturleg måte i alle samanhengar.

Statsråden sette stor pris på å bli heidra for språket sitt.

– Det er spesielt gledeleg for meg å få ein pris for nynorskbruken min. Språk er identitet, det høyrer me ofte. Og språk er identitet også for meg. Det er språket som viser kvar eg kjem frå og kvar eg høyrer heime, sa Liv Signe Navarsete då ho tok imot prisen.

Prisen er tidlegare gjeven til Ivar Eskeland, Berge Furre, Ragnhild Seltun Fjørtoft, Bjørn Bø og Sigmund Groven. (©NPK)